

Møteprotokoll

Utval: PLAN OG FORVALTNINGSUTVALET
Møtestad: Formannskapssalen - Leikanger tinghus
Møtedato: 23.01.2020 **Tid:** 09:00 - 15:40

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
1/20	20/434	Plan og forvaltningsutvalet - Opning og konstituering 2020
2/20	19/338	Detaljreguleringsplan gbnr. 85/8 m.fl. Hagastrondi på Fimreite - fritidsbustader Klagehandsaming
3/20	20/473	Planstrategi - føringar for arbeidet
4/20	20/447	Plan og forvaltningsutvalet - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 2020

Sak 1/20
Plan og forvaltningsutvalet - Opning og konstituering 2020

Opning

Konstituering av møte:

- Møtet lovleg sett med følgjande til stades:
Malén Røysum (Sp) , Arne Glenn Flåten (H), Bodil Andersen Strand (Sp), Ivar Slinde (Sp), Magne Bruland Selseng (Sp), Rita Navarsete (FrP), Stig Ove Ølmheim (Ap) og Oddbjørn Bukve (Sv).
Ingen vara møtte for Lars Trygve Sæle (H).

Frå administrasjon møter kommunalsjef Arne Abrahamsen og politisk sekretær Marit Silje Husabø.

- Innkalling og saksliste - godkjenning
- Møteleiar: Malén Røysum
- Ope møte
- Framlegg: Malén Røysum, Bodil Andersen Strand og Magne Bruland Selseng får fullmakt til å signere protokollen

Rita Navarsete fekk permisjon etter handsaming av sak 2/20, kl 13.15.

Arne Glenn Flåten fekk permisjon etter handsaming av sak 3/20, kl. 15.15.

Sak 2/20
Detaljreguleringsplan gbnr. 85/8 m.fl. Hagastrondi på Fimreite - fritidsbustader Klagehandsaming

Tilråding:

Forvaltningsutvalet tek klagar på detaljreguleringsplan for Hagastrondi på Fimreite – Fritidsbustader delvis til følgje, i samsvar med tilrådinga frå rådmann.

Klagen frå Mattilsynet vert teken til følgje.

Forvaltningsutvalet endrar vedtak av detaljreguleringsplanen når det gjeld følgjande punkt:

Rådmannen tilrår at plan for vatn, avlaup og overvatn i tråd med krav i kommuneplan føresegn 2-1 bokstav c) pkt. 6 skal leggest fram og vere godkjent før reguleringsplanen kan gjevast rettsverknad. VA-plan skal vise løysing for vatn, avlaup, overvatn og sløkkevatn for utbyggingsområda.

Rådmannen tilrår at føresegn 4.6 vert endra til å lyde:

Godkjend VA-plan skal leggst til grunn for vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaming. Før bruksløyve må vassverk ha tilstrekkeleg godkjenning for drikkevatt.

Saka vert sendt vidare til Fylkesmannen for endeleg handsaming, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Handsaming

Plan- og forvaltningsutvalet fann Stig Ove Ølmheim habil til å delta i handsaming av saka.

Plan- og forvaltningsutvalet sender saka til kommunestyret for vedtak.

Oddbjørn Bukve (Sv) sette fram slikt framlegg som tilråding: Klagen vert teken til følgje. Tilgang til felles båt- og badeplass må løysast før planen kan setjast i verk.

Oddbjørn Bukve (Sv) røysta for framlegget, og framlegget vart forkasta.

Tilråding, samrøystes:

Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tek klagar på detaljreguleringsplan for Hagastrondi på Fimreite – Fritidsbustader delvis til følgje, i samsvar med tilrådinga frå rådmann.

Klagen frå Mattilsynet vert teken til følgje.

Vedtak av detaljreguleringsplanen vert endra når det gjeld følgjande punkt:

Plan for vatn, avlaup og overvatn i tråd med krav i kommuneplan føresegn 2-1 bokstav c) pkt. 6 skal leggst fram og vere godkjent før reguleringsplanen kan gjevast rettsverknad. VA-plan skal vise løysing for vatn, avlaup, overvatn og sløkkevatn for utbyggingsområda.

Føresegn 4.6 vert endra til å lyde:

Godkjend VA-plan skal leggst til grunn for vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaming. Før bruksløyve må vassverk ha tilstrekkeleg godkjenning for drikkevatt.

Saka vert sendt vidare til Fylkesmannen for endeleg handsaming, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Sak 3/20
Planstrategi - føringar for arbeidet

Tilråding:

Sogndal kommune gjennomfører arbeidet med utarbeiding planstrategi i tråd med vedlagt «Notat – Kommunal planstrategi 2020-2023».

Handsaming

Plan- og forvaltningsutvalet sette fram slikt framlegg som tillegg til tilrådinga: «med oppdatert framdriftsplan og endeleg vedtak av planen i kommunestyret 18. juni 2020».

Tillegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak, samrøystes:

Sogndal kommune gjennomfører arbeidet med utarbeiding planstrategi i tråd med vedlagt «Notat – Kommunal planstrategi 2020-2023, med oppdatert framdriftsplan og endeleg vedtak av planen i kommunestyret 18. juni 2020

Sak 4/20

Plan og forvaltningsutvalet - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 2020

Orienteringar og drøftingar

A. Orientering frå ordførar

B. Orienteringar

1. Kommunedelplan Rv 5 Loftesnes – Kaupanger. Orientering v/Ingar Hals frå Statens vegvesen. Tor A. Ness frå Kaupanger Næringsforening orienterte om deira interesse knytt til kommunedelplanarbeidet.
2. Vatn og avløp – orientering v/tenesteleiar teknisk drift Kristian L. Karlsen. Behov for rullering av Hovudplanar VA (vatn og avløp)
3. Reguleringsplanarbeid Amla – orientering v/tenesteleiar plan og forvaltning Markus Mohn Werner.
4. Reguleringsplan Hodlekve - orientering v/tenesteleiar plan og forvaltning Markus Mohn Werner.
5. Reguleringsplan Henjabakkane - orientering v/tenesteleiar plan og forvaltning Markus Mohn Werner.
6. Dispensasjonssak Fjærland – saksflyt ADM/PFU
Orientering utsett til neste møte.
7. Kort orientering om status administrativ kapasitet v/tenesteleiar plan og forvaltning Markus Mohn Werner.

C. Spørsmål frå medlemmane

Fylkesmannen i Vestland har oppheva Sogndal kommune sitt vedtak av 08.05.2019, arkivsaknr. 19/1909-5 i tidlegare Sogndal kommune, som gjeld dispensasjon frå reguleringsplan Kjørnes 2 og 3 for oppføring av garasje på areal sett av til friområde og parkeringsplass på Kjørnesplatået.

Administrasjonen orienterte om vidare saksgang for korleis tiltaket kan gjennomførast.

D. Drøftingar

E. Skriv og meldingar

1. Vedtak i klagesak om løyve til bustadbygg på gbnr 64/18 i Sogndal kommune, Fylkesmannen i Vestland (Arkivsak 20/406-1)

Vedlegg:

Til E1